
Vår referanse 2020/48830-2
Dato 11.05.2020

HENNING KOPPERDAL
SÆVDALSVEGEN 1
5936 MANGER

Dispensasjon frå byggegrense - fv 525 - gnr 460 bnr 2 - veranda - Alver kommune

Vi viser til søknad motteke 22.04.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 525 for å oppføre veranda på gnr. 460 bnr. 2 i Alver kommune.

Veg / stad: fv. 525, D1 S1, m 9221 / Solendvegen

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med vedlagt situasjonskart.
2. Avstanden frå veranda til senterlina på fv. 525 skal vere minst 18 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrse må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Veranda ligg delvis innanfor gul støysone. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at veranda ligg nær fv. 525.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.
8. Dette vedtaket føreset at veranda vert gitt godkjenning og byggeløyve frå kommunen.

Bakgrunn for vedtaket

Det er ikkje sett byggegrense i kommuneplanen og veglova gjeld i dette høvet, byggegrense langs fv. 525 med haldningsklasse 2 er sett til 50 meter, Jf. Rammeplan. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Ein dispensasjon med byggegrense min. 18 meter vil ikkje gå ut over omsynet til dette.

Rett til å klage

Vedlagt skjema [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no, eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Eva Sundal
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:
Situasjonskart
Skjema: klage over forvaltningsvedtak
Veglova § 29 og 30

Kopi til:
ALVER
KOMMUNE